

# EMIL

I LØNNEBERGET

---



## E - e - e - m - i - i - l !

Å ta vare på klassikarane, det er både ei plikt og eit privilegium for eit teater som vårt. Astrid Lindgrens barn har på nokre tiår funne leikekameratar over heile verda. På scenen er dei blitt figurar vi nemner like sjølvsgt som dei mest kjende i verdsdramatikken, Pippi, Karlsson, Emil...

Astrid Lindgrens barn kjem verken frå søndagsskolen eller frå normalplanen, dei kjem frå ein forfattar som kjenner mauren i baken og krokvegane i barnesinnet.

I ei tid som vaklar mellom mangel på normer og høgrøysta moralisme er det alltid på sin plass med Astrid Lindgren og hennar åtvarande peikefinger mot ikkje å ta barn på alvor.

Velkommen til eit lite jubileum! I år er det tretti år sidan vi første gongen slo scenedøra opp for Astrid Lindgren og hennar barn.

*Vidar Sandness*

## Snekkerbuvisa

Til snekkerbua rømmer eg,  
når eg eit spikk har gjort  
og då spring far min etter meg,  
men ikkje like fort.

Snekkerbua hopp fallera  
og snekkerbua hopp fallera  
er bra å ha, hopp fallera  
for stakkars meg, å ja å ja

Og far har sagt det må bli slutt  
med mine spikk – akk ja.  
Men spikk det gjer eg titt og trutt,  
og verst var det i stad.

Snekkerbua hopp fallera...

Du kjære snekkerbua mi,  
eg er så glad i deg.  
Her vil eg bli ei lita tid  
og berre kvile meg.

Snekkerbua hopp fallera...

Du snekkerbu, du er så god.  
Eg er så glad i deg.  
No sit eg her i fred og ro  
og berre kviler meg.

Snekkerbua hopp fallera...



**D**et fanst, sjølvsagt, nokre udisiplinerte born i min barndom òg, men så vidt eg hugsar, var det ingen som skreiv bøker om dei.

Born i min barndoms bøker var stort sett slike som tok av seg lua før dei gjekk inn i stua, når som helst på døgnet. Dei fleste var danna, pene i kleda, og dei pussa tennene etter kvart måltid.

To av dei heitte Flemming og Kvikk. Eg trur at dei eigentleg var danske. Det var mange bøker om Flemming og Kvikk. Dei bada aldri før to timar etter at dei hadde ete. Det gjorde ikkje eingong Kvikk, enda han heitte Kvikk fordi han elles var så kvikk til det meste.

Flemming hadde ein kjærast som heitte Inger, men eg oppfatta aldri

noko erotisk ved forholdet. Inger hadde fletter og flate skor og var god til å sparke fotball. Det blir vel ikkje så mykje erotikk av slikt.

Dei flate skorne til Inger må dessutan ha vore ualminneleg flate, for det at dei var flate, vart nemnt fleire gonger, i alle bøkene.

Born i min barndoms bøker var eigentleg gudsjammerleg bra på alle måtar. Edle var dei òg, dei fleste av dei. Dersom dei fekk tak på nokre kroner, kjøpte dei ikkje sukkertøy eller andre ting som var skadelege for tennene. Nei, dei gav pengane til dei fattige eller til negrane i Afrika. Og når dei fann dei første jordbæra i vegkanten, gav dei bæra til mor.

Born i min barndoms bøker gjorde, så vidt eg kan hugse, aldri noko gale. Tvert imot: dei gjorde alt riktig. Alltid.

Slik var dei i bøkene, og dei i songane var ikkje stort betre (eller verre). I songane vandra jentene og gutane med freidig mot, og som sagt:

Når dei gjekk inn i stuene, tok dei av seg luene.

I det heile: Gutar var kjekke naturelskarar og gode små nordmenn på fjellet; dei drakk kaldt vatn, følgde gamle damer over gata og sa aldri noko usant eller juksa til eksamen. Jentene leikte med dokkene sine og gledde seg til å bli gode mødrer. (Det fanst nok eitt unntak, nemleg Knoll og Tott. Desse to umoglege borna som stal fru Voms blautkaker og gjorde dei mest forferdelege ting mot kapteinen og Megler Smekk. Men Knoll og Tott var no berre ein teikneserie og såg ikkje ut som levande born.)

Og som folk alltid har gjort - vi (ialfall eg) trudde på det skrivne ordet og trudde at slik som borna i bøkene var, slik burde eg òg vere.

Eg prøvde, men det gjekk jo ikkje.

Det er ikkje mogleg for noko barn, trur eg, å vere så bra som borna i min barndoms bøker. Ialfall ikkje lenge om gongen.

Det vart ein konflikt. Eg trur eg fekk utslett av det. Og kanskje andre lidingar som eg no har gløymt.

Kvifor var det ingen Emil i Lønneberget eller Pippi Langstrømpe i mitt barndomsliv?




# 5

Jau, fordi Astrid Lindgren ikkje hadde byrja å skrive bøker den gongen. Ho byrja ikkje med det før i 1944, og da var eg 20 år og las ikkje barnebøker.

Eg veit ikkje kva dei heitte, forfattarane til Flemming og Kvikk eller nokre av dei andre bøkene som fanst i mi barndoms verd. Born (i alle fall ikkje eg) var ikkje interesserte i det utanpå bøker. Kanskje teikninga, men ikkje i namnet på forfattaren. Desse forfattarane var sikkert framifrå menneske. Med god utdanning og med sans for det reinslege, for gode manérar, tannbørster, disiplin, fysisk fostring og alt i orden.

Som sagt: sikkert framifrå, velmeinande menneske. Snille, men strenge prestefruer? Lærarar? Og barneheltane deira var vel slik dei meinte at born burde vere og burde oppføre seg i den siviliserte verda. Og at dei skulle vere gode førebilete for oss levande born.

Ut i dette havet av fornuftig og lærerik barnelitteratur fløynde Astrid Lindgrens nysgjerrige og "barnslege" born: Emil i Lønneberget, Borna i Bakkebygrenda, Pippi Langstrømpe, Brørne Løvehjarte, Ronja Røvardotter og alle dei andre. Og dei braut dei fleste reglane, gjorde idiotiske, uoverlagde ting og var ei plage for regelverket, for autoriteten den





borgarlege, fornuftige, vaksne keisemda i samfunnsmaskineriet, og ei plage for foreldra. (Somme av foreldra var for resten sjørøvarar og landevegspiratar, og vart ikkje plaga. Dei foreldra var heller ikkje så ofte til stades.)

Eg veit ikkje om Astrid Lindgren og dei u-vaksne borna hennar har gjort

nolevande born lykkelegare, "friare" og meir problemlause enn born frå den før-lindgrenske tida. Det skal mykje til, sjølv sagt. Men det kan ha gjort litt?


Vi respekterte heltane i barnebøkene våre. Og vi ovundra dei fordi dei var så prektige, fordi dei såg så godt ut, for dei riktige handlingane deira. Men

vi var vel ikkje akkurat glade i dei. Astrid Lindgrens born er born som levande born blir glade i.

Og kjærleiken skal ein ikkje nedvurdere.

Odd Børretzen

[Til nynorsk ved Leif Mæhle]



7

## Vesle katt

Vesle katt, vesle katt,  
vesle søte katta.  
Veit du at, veit du at  
det blir mørkt til natta?

Vesle gris, vesle gris,  
vesle gris i stua,  
om du frys, om du frys,  
gjer opp eld i grua.

Vesle ku, vesle ku,  
vesle søte kua.  
Det var du, det var du,  
du som skeit på brua.

Vesle mor, vesle mor,  
vesle søte mora,  
ho fekk sko, ho fekk sko,  
ja så menn det gjor'a.


Vesle far, vesle far,  
vesle søte faren,  
for ein kar, for ein kar,  
det er bra vi har'n.

Vesle eg, vesle eg,  
vesle søte Ida,  
gi no meg, gi no meg,  
lungemos til middag.





9



Emil



Lars Berteig Andersen



Tor Helge Gjersund



Bastian Danielsen Stabell



# EMIL

I LØNNEBERGET

av Astrid Lindgren

Omsett av Halldis Moren Vesaas


Musikk av Georg Riedel

Alma



Grethe Ryen

Anton



Svein Roger Karlsen

Ida



Julia Charlotte Geitvik




Fanny Redse Bratfos



Camilla Marie Pallesen

Alfred



Reidar Sørensen

Lina



Ingrid Jørgensen

Krøse-Maja



Wenche E. Medbøe

10

*Fru Petrell*



Kari Rasmussen

*Prosten*



Hans Petter Meirik

*Doktoren*



Ragnar Dyresen

*Skrattegubbe*



Terje Bjørkvold

*Herr Petrell*




Svenn Berglund

*Prostinna*



Tove Skagestad

*Politimann*



Ragnar Dyresen

*Bulten*



Hans Petter Meirik

*Fin Herre*



Terje Bjørkvold

*Utropar*




Per Arne Skar

*Dame m/skjegg*



Tove Skagestad

*Sporven*



Erlend Stamnes

Regi  
Regiassistent  
Scenografi og kostyme  
Scenografiassistent  
Kostymeassistent  
Lysdesign  
Musikalsk ansvarleg  
Musikalsk innstudering

Orkesterleiar

Slagverk  
Bass  
Gitar  
Fløyte, klarinettar mm  
Tasteinstrument

Trombone  
Trompet, melodica

Inspisient  
Maske og parykkar  
Lyd

Lys

Rekvisitør  
Sufflør  
Scenekoordinatorar

Statistar: Morten Bjørn-Hansen, Stein Boberg, Sunniva Fosso, Synne Jarnfeldt, Trine Jenssen, Martin Kjerschow, Tom Eidsvold Larsen, Kjetil Lyseggen, Beate Madsen, Victoria Gjertrud Madsø, Walter Ivar Mathisen, Marius Beron Noreger, Wojciech Piwarski, Steinar Skaaden, Joachim Ugland, Lars Vuttudal, Gro Kristensen, Tone Osa, Helge Fykse

Bjørn Sæter  
Hans Petter Meirik  
Unni Walstad  
Christina Skalegård  
Kirsten Høidahl  
Dag Sigurdsson  
Egil Monn-Iversen  
Ståle Sletner

Rolf Malm

Gunnar Aas  
Per Løberg  
Svein Johann Ose  
Rolf Malm  
Svenn Erik Kristoffersen/  
Ståle Sletner  
Håvard Svendsen  
Petter Kateraas


Krzysztof Seliga  
Britt Helen Riise  
Martin Hagfors/  
Anders Aasebøe  
Gro Kristensen/  
Raymond Stubberud  
Tone Osa/Helge Fykse  
Sissel Lillo-Stenberg  
Kjetil Lyseggen/  
Martin Kjerschow

12





13



## Bjørn Sæter

gjekk ut av regilina i 1982 og har seinare sett opp på dei fleste teatra i Noreg. Saman med Janken Varden var Sæter kunstnarleg leiar for Teatret på Torshov i 85/86, der han m.a. sette opp *Trafford Tanzi* av C. Luckham. Han har vore tilsett som fast instruktør ved Oslo Nye Teater i seks år. Der har han m.a. sett opp *En sporvogn til begjær* (92), *Brødrene Karamasov* (93), *Macbeth* (94), *Crazy for You* (95), *Idioten* (96) *Mysteriet Myrna Vep* (97). Bjørn Sæter har vore fast instruktør for Norsk Teatersportforbund, og har leia ei rekkje framsyningar og arrangert kurs i teatersport. Han hadde òg regien på stand-up framsyninga *Åsleik Engmark utleverer sine venner* på Scene West i 1997. I vår sette han opp *Hustruskolen* av Molière på Hovudscenen på Det Norske Teatret.



## Emil-bua på Det Norske Teatret

I foajeen på Det Norske Teatret kan du få kjøpt ulike gåveartiklar til glede for store og små. Kom innom og sjå om det er noko som freistar. Det vil m.a. bli seldt Emil-bøker, kassettar, plakatar, T-skjortar, Emil-krus, ballongar, buttons, figurar, fødselsdagskort og mykje anna.



Før du veit  
ordet av det,  
vil dei flytte  
heimefrå!

Fokus Bank har ei rekke  
tenester spesielt for barn og  
ungdom - vi vil at dei skal ha  
gode tilbod. Til dømes  
FordelsSpar, ein sparekonto  
som gir høg rente  
same kva spare-  
beløpet er.



**FOKUS**  
Bank

Hovudsponsor for Det Norske Teatret. Du finn oss i Akersgata 28 (Egertorget) Skøyen - Økern - Ås og i mest heile landet elles.



Depotbiblioteket



00sd 08 349

**det norske teatret**

Kristian IV's gt . 8, 0164 Oslo  
[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)